



# OSTERØY KYRKJELEG FELLESRÅD

## MØTEPROTOKOLL

**Møtedato:** 22.08.2023  
**Møtestad:** Kyrkjesenteret 1.etg. Lonevåg  
**Møtetid:** Kl. 16.30  
**Møte nr:** 04/2023

Til stades: Roar Moen, Irene Vik, Anne Cecilie Skeidsvoll, Helga Lone, Leif Endre Grutle og Magne Vikne.

Sekretær: Linda G.Lunga.

Forfall: Johannes Haugland og Idar Fjeldstad.

<b><u>SAKSLISTE:</u></b>	<b>SIDE:</b>
SAK 21/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	2
SAK 22/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ 5.06.23	3
SAK 23/23 GÅVE HAMRE 1000 ÅR SOM KYRKJESTAD	4
SAK 24/23 SØKNAD OM MIDLAR TIL I STANDSETTING AV PRESTEBRUA PÅ HAUS	5-14
SAK 25/23 ORIENTERINGSSAKER	15-16

Lonevåg 29.08.23



Roar Moen  
Leiar



Linda G. Lunga  
Sekretær



# DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy kyrkjeleg fellesråd

Dato	22.08.23
Saksnummer	21/23
Arkivnummer	414

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Bakgrunn

Godkjenning av innkalling og sakliste til møte 22.08.23.

Vedtak i kyrkjeleg fellesråd: Godkjent.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Osterøy kyrkjeleg fellesråd

Dato	22.08.23
Saksnummer	22/23
Arkivnummer	414

### Godkjenning av protokoll frå møte 5.06.23

#### Bakgrunn

Godkjenning av protokoll frå møte 5.06.23.

Vedtak i kyrkjeleg fellesråd: Godkjent.



# DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy kyrkjeleg fellesråd

Dato	22.08.2023
Saksnummer	23/23
Arkivnummer	712

## GÅVE HAMRE 1000 ÅR SOM KYRKJESTAD

I møte 5.juni hadde vi jubileumsgåve som orienteringssak. Vi ville prøve å få eit anbud frå norske tekstilkunstnarar på messehagel, preikestolklede og lesepultklede innan 1.juni, men fekk ikkje svar frå nokon. Alternativet var då å bestille ferdigproduisert messehagel. Prisen for det ligg mellom 10000,- og 20000,- kr.

### Forslag til vedtak i kyrkjeleg fellesråd:

Fellesrådet går for bestilling av ferdigproduisert messehagen med pris inntil 20000,- kr.

### Vedtak:

Vi ønskjer fortrinnsvis kyrkjetekstil laga av tekstilkunstnar, under føresetnad av at me har midlar på fond som kan dekkje inn dette. Vi undersøker med dei som har laga dei grønne tekstilane i Hamre kyrkje, Martha Kløve Juul og Liv Guri Østrem. Alternativet er å kjøpe noko ferdigproduisert.



# DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy kyrkjeleg fellestråd

Dato	22.08.2023
Saksnummer	24/23
Arkivnummer	730

## SØKNAD OM MIDLAR TIL Istandsetting av Prestebraua på Haus

**Søknad om økonomisk støtte til reparasjon av steinbrua («prestebraua») over Mjeldastraumen.**

Haus kulturminnelag søker om økonomisk stønad til å istandsetja den gamle steinbrua («prestebraua») i Haus. Brua er ca. 250 år gammal i følgje historiske skrifter (ca. 1780) og er av svært høg kulturhistorisk verdi. Den er unik i sitt slag og eit kultursmykke i landskapet ved kyrkja. Den blei bygd som eit bindeledd mellom prestebustaden og kyrkja for at presten skulle sleppa å ro eller vassa over elva. I dag er brua i ein svært dårleg forfatning og kan når som helst bryta saman.

Haus kulturminnelag blei starta hausten 2022 ( sjå vedlegg 1) etter initiativ frå interimstyret i Haus sokneråd. Formålet og vedtekter for laget ligg og ved. (vedlegg 2)

Vi har tatt saka om reparasjon av brua opp direkte med OVF, men dei fråskriv seg eigaransvar og vil ikkje gje midlar. Dei seier dei berre eig grunnen brua står på. Dei hevdar Osterøy kommune har ansvar for brua. Dette siste finn vi urimeleg utifrå formålet brua er bygd for.

Vi har hatt synfaring på prestebraua og fått tilstandsrapport og kostnadsoverslag frå tørrmurar Haakon Aase, som er ein anerkjent murar og innehar stor kunnskap og kompetanse på dette feltet. (vedlegg 3 og 4)

Kostnadsoverslaget er på kr 900000. Vi har søkt Vestenfjeldske by credits stiftelse om midlar og fått lovnad på kr 250000. I tillegg har vi søkt Kulturminnefondet og fått tilsagn på kr 200000. Men begge desse instansane krev fullfinansiering for at dei skal betala ut desse pengane. Kulturminnefondet har gitt oss ein frist til 01.10.23

Vi har vore i kontakt med Osterøy kommune v. ordføraren og informert han om midlane og søkt Osterøy kommune om kr. 300000. Pengane frå Osterøy kommune er usikre, for det skal behandlast politisk utifrå det ordføraren har sagt. Og sjølv om han stiller seg bak, kan ein ikkje vera sikker

Vi søker Osterøy kyrkjeleg fellestråd om kr 100000. Vi håpar de vil innvilga denne summen.

Haus sokneråd har ein sparesum som kan stillast til disposisjon på kr 50000, dersom det vil bli nødvendig. Vi vil og søkja til nokre bedrifter på Osterøy og Sparebank 1 stiftelsen.

Skulle vi mot formodning, få inn meir midlar enn vi treng, vil vi tilbakebetale fellestrådet, fordi vi veit at de treng midlar.



# DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy kyrkjeleg fellesråd

Får vi dei midlane vi no har søkt om, vil vi kunna nå fullfinansiering. Det er no vi har sjansen til å få brua i standsett igjen. Vi håpar derfor fellesrådet vil vera med på denne spleisen.

## Forslag til vedtak:

Fellesrådet vil gjerne sjå prestebrua istandsett og innvilger summen på kr 100 000,- . Pengane overføres frå vedlikeholdskontoen.

## Vedtak:

Fellesrådet gjer inntil kr 100 000,- til istandsetjing av prestebrua på Haus. Vi takkar Haus kulturminnelag for godt arbeid og god førebuing.

## **Protokoll frå skipingsmøte for laget Haus kulturminnelag**

Skipingsmøtet vart halde i Haus kyrkjelydshus Haus 50, 5286 Haus 29.09 2022.

Til stades var: Magrethe Riple Ådland, Inge Sørheim, Madli Kvamme Hannisdal

Saker til handsaming:

1. Stifting av Haus Kulturminnelag
2. Godkjenning av vedtekter for Haus kulturminnelag
3. Val av styre

### **Protokoll**

Sak 1: Laget vart stifta

Sak 2: Vedtektene for Haus kulturminnelag vart godkjende.

Sak 3: Etablering av styre.

Fylgjande personar vart vald til styret: Inge Sørheim (2 år),

Magrethe Riple Ådland (2 år), Madli Kvamme Hannisdal (1 år).

Til leiar blei Madli Kvamme Hannisdal vald, nestleiar Magrethe Riple Ådland og styremedlem Inge Sørheim.

Haus, 29.09 2022

Madli Kvamme Hannisdal

(sign)

Magrethe Riple Ådland

(sign)

Inge Sørheim

(sign)

## **§ 10 Styret**

Laget skal leiast av eit styre på mellom tre og sju medlemmer. Laget sine tillitsvalde skal ikkje motta godtgjering.

Styret er høgaste mynde mellom årsmøta. Når det gjeld styremedlemmar som vert valde på årsmøtet, blir to av medlemmane vald for 2 år og dei øvrige for 1 år om gongen.

Styret skal:

1. Iverksetja årsmøtet sine avgjerder.
2. Administrera og føra naudsynt kontroll med Haus kulturminnelag sin økonomi i samsvar med dei til kvar tid gjeldande instruksar og avgjerder.
3. Representera Haus kulturminnelag utad.

Styret skal halda møte når leiaren krev det, eller eit fleirtal av styremedlemmene krev det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemmer er til stades. Vedtak fattast med fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved røystlikskap tel møteleiaren si røyst dobbelt.

## **§ 11 Vedtektsendring**

Endringar i vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på sakslista, og det krev 2/3 fleirtal av dei avgitte røystene.

## **§ 12 Oppløysing**

Oppløysing av Haus kulturminnelag kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Vert oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, vert det kalla inn til ekstraordinært årsmøte 3 månadar seinare. Overskytande kapital ved ei eventuell oppløysing skal utdelast til friviljuge lag og organisasjonar som har gjort ein felles innsats for Haus kulturminnelag eller lokalsamfunnet generelt.



# Vedtekter for Haus kulturminnelag

## § 1 Kulturminnelaget sitt namn

Haus kulturminnelag vart stifta den 29.09. 2022

## § 2 Forretningskontor

Haus kulturminnelag har forretningskontor i Osterøy kommune.

## § 3 Formål

Haus kulturminnelag er eit friviljug lag som skal arbeide for eit bærekraftig, allsidig og naturvenleg friluftsliv, kyrkje- og kulturliv. Laget skal ta vare på kulturminner, kulturlandskap og fremja aktivitet, rekreasjon og folkehelse og er tufta på friviljug innsats. Haus kulturminnelag skal ikkje ha tilsette og skal ikkje ha økonomisk vinning til formål.

Som et tiltak for å nå desse målsetjingane vil Haus kulturminnelag arbeide med å bevare og utvikle område kring kyrkja, prestebua, straumen og prestebustaden med naust, kai og strandsoner i samråd og samarbeide med OVF, Bjørgvin bispedømmeråd og andre relevante samarbeidspartnarar.

## § 4 Organisasjonsform

Haus kulturminnelag er sjølveigande og ein frittståande juridisk person. At den er sjølveigande inneber at ingen verken medlemmar eller andre har krav på laget si formue eller eigendelar eller er ansvarleg for gjeld eller andre forpliktelsar

## § 5 Medlemmer

Haus kulturminnelag er eit lag ope for alle som ynskjer å vera medlemmer. Det skal ikkje betalast kontingent for medlemskap. Det blir ført medlemsprotokoll. Alle medlemmer har stemmerett og kan veljast til tillitsverv i laget. Medlemmane pliktar å forholde seg til vedtak som er fatta av årsmøte.

## § 6 Årsmøte

Årsmøtet, som vert halde kvart år innan april månad, er høgaste mynde i laget.

Årsmøtet vert kalla inn av styret med minst 1 månads varsel, direkte til medlemmene og/eller ved kunngjering i laget sine egne kanalar. Forslag som skal handsamast på årsmøtet skal vera sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste må vera tilgjengeleg for medlemmene seinast 1 veke før årsmøtet.

Alle medlemmer har tilgang til årsmøtet. Årsmøtet kan invitera andre personar og/eller media til å vera til stades.

Årsmøtet er vedtaksført med det talet røysteføre medlemmer som møter. Ingen har meir enn éi stemme, og stemmegjeving kan ikkje skje ved fullmakt.

**KOSTNADSOVERSLAG**

Timepris manuelt arbeid:	650
Tillegg for leige av maskinar:	250

<i>Oppgåve</i>	<i>Tal</i>	<i>Eining</i>	<i>Pris per eining</i>	<i>Kostnad</i>	<i>Merknad</i>
Rigg og drift	30,0	timar	650	19 500	To personar to dagar, transport utstyr m.m.
Sikringstiltak	30	timar	650	19 500	To personar to dagar
Demontering av skadde parti	75	timar	650	48 750	To personar fem dagar
Grunnarbeid/refundamentering	45,0	timar	650	29 250	To personar tre dagar
Oppattmuring (to personar)	240,0	timar	650	156 000	To personar 16 dagar
Oppattmuring (fire personar)	360,0	timar	650	234 000	Fire personar i 12 dagar
Kranleige	8,0	dagar	4 500	36 000	"Edderkopp" m/belte og bein
Kranleige, sikring	6,0	prosent	36 000	2 160	"Edderkopp" m/belte og bein
Maskinar (gravar og kompaktlastar), tillegg for maskinleige	180,0	timar	250	45 000	Tilsvare 24 dagar
Transport av maskinar	100,0	km	8	800	
Stillas, montering og leige			r.s.	15 000	Stillasleige
Ny stein til muring og bakfyll			r.s.	15 000	
Uføresett				70 000	
Reiseutgifter, pårekna			r.s.	17 000	
Fagleg oppfølging, dokumentasjon og rapportering	15,0	timar	800	12 000	
				719 960	
25% mva				179 990	
				899 950	
Avrunda				900 000	

Pårekna tal arbeidstimar manuelt:	780,0
Pårekna tal arbeidsdagar, ca.:	40,0

**Merknader:**

Oppstillinga ovanfor er ikkje å forstå som eit fastpristilbod, men som eit kvalifisert overslag til bruk i planlegginga av tiltaket. Avhengig av tidspunkt for gjennomføring kan indeksregulering av prisar og satsar verta aktuelt.

Frekhaug/Haus 27.02.23  
Haakonb Aase/Kjetil Monstad

Haus sokneråd v/Madli Hannisdal  
Hansdalsvegen 285,  
5281 Valestrandsfossen

## PRESTEBRUA I HAUS – RAPPORT FRÅ SYNFARING

Eg viser til synfaring 10.10.22. Føremålet med synfaringa var å gjera ei vurdering av omfanget av skadane på brua og kva tiltak som må til for å setja brua i stand.

Fylgjande er ein kort rapport.

### *Skadebildet*



Figur 1 Det skadde området er på oversida av brua (oppstraums). Det tydelege søkker ein kan avlesa på parapetet (det oppmura rekkverket) avspeglar ei setning som går heile vegen nedover mot fundamentet og innover i murverket.

Som det går fram av foto over, er ein vesentleg del av murverket oppstraums prega av ei djuptgåande setning som tydeleg har sett sine spor i det ytre murverket heilt ned mot fundamentet, men også som ei fordjuping i «vegbanen» og som ein deformasjon av parapetet. Desse ovringane viser at ein må rekna med at skaden også går eit stykke innover i murverket i

det aktuelle området. Skadebildet er omtala i tidlegare rapportar og det er der slege fast at denne skaden har utvikla seg gjennom dei siste åra. Han trugar i dag delar av brua med ukontrollert kollaps.


Det skadde området ligg mellom dei to vassfara i brua. Før demontering vil det vera heilt uråd å slå fast nøyaktig kor stort område som er skadd eller påverka av skaden. Det vil såleis vera svært vanskeleg å seia på førehand kor stort omfang reparasjonsarbeidet vil ha. Det vedlagde kostnadsoverslaget avspeglar ei vurdering av skadeomfanget – etter beste skjøn – av Kjetil Monstad og underskrivne. Ein kan tenkja seg at ei demontering vil avsløra eit skadeomfang som både kan vera mindre og større.

### *Istandsetjing – operasjonar/deloperasjonar*

<i>Gjeremål/tilfang</i>	
Sikringstiltak.	Gjeld sikring av ståande parti av brua, og trygging av arbeidsplassen for utøvarane.
Stillas	Det er pårekna at stillas vert å montera når grunnarbeidet er utført og den fyrste faste i oppattmuringa er gjennomført. Stillas vil også kunna letta tilkomst og transport av materiale til/frå arbeidsstaden.
Demontering – teknikk/hjelpemiddel	Det er mogleg å ta ut til massar beste sider og fordela massane. Ein del av steinen vil kunna transporterast ut manuelt, men andre hjelpemiddel (større stein) kan vera: kompaktlastar, gravemaskin og/eller kran («edderkopp»). For å betra bereevna til underlaget kan ein leggja ut forskalingsflakar i dobbelt lag.
Deponering av stein for gjenbruk, og plassering av ny stein	Det er god plass i området til å plassera ut og sortera steinmassar – utan vesentleg bry for dei som elles bruker området til andre føremål. Slike område må avskjerast for publikum og merkast.
Grunnarbeid	Ein reknar med at skaden på brua kan ha noko av si årsak i sviktande fundament. Dette vil fyrst vera klargjort etter demontering. I så tilfelle vil det vera trong for refundamentering. Nærbilde av det skadde området viser at steinar har sige ut heilt nede, og ein ser tydelege utbulingar lenger oppe i murverket. Dette er indikasjonar på skade som har utgangspunkt heilt nede i/ved fundamentet.
Atterreising/oppattmuring	Det vert pårekna at det er plass til to personar ved oppstarten av oppattmuringa. Seinare vil ein kunna auka opp talet til murarar, kanskje til to arbeidslag, kvart med to personar som jobbar saman. Med kvalifiserte folk vil ein dermed kunna korta ned den samla anleggstida. Ved oppattmuringa vil ein kunne ha nytte av m.a. hjelpemiddel som: kompaktlastar, gravemaskin (i fasar av arbeidet) og ein kran med noko rekkevidd (ein tenkjer her ein s.k. «edderkopp» som vert stødd opp med bein og som har tilstrekkeleg laste- og svingevne og rekkevidd.). Det vert elles rekna med at det vil vera behov for supplering med noko ny stein. Ein bør ta sikte på å få tak i stein –til muring og fylling - ifrå nærområdet eller frå leverandørar innan rimeleg nærleik. Steinen må så langt det er råd, ha tilsvarande eigenskapar som den opphavlege i brua.



Figur 5 Tydeleg utposing i området mellom dei to vassfåra.



Figur 6 Verken nedstraums eller i dei to vassfåra har ein konstatert skade på murverket.

### *Sluttord*

Hellebrua over Straumen ved Mjeldavågen må reknast som eit kulturminne av særskilt høg verdi, eit fysisk anlegg som både fortel eit stykke samferdselshistorie, men som også utgjer ein viktig del av ein samla kulturmiljø der også kyrkja og prestegarden inngår som viktige element. Omsynet til og respekt for kulturminnet må såleis vera eit hovudpunkt ved istandsetjinga. Dette legg føringar på val av materiale, på arbeidsmetodar og på utføringa av sjølve murararbeidet. Ein må søkja å tilbakeføra murverket i dei skadde delane til ei form og eit preg som mest mogleg svarer til den opphavlege. Samtidig vil det vera avgjerande at murverket vert atterreist som solid og varig – med basis i godt tradisjonelt handverk.

Det skal endå ein gong understrekast at det er sær vanskeleg å vurdera skadeomfanget og omfanget av reparasjonsarbeidet, fordi vesentlege faktorar per i dag ligg løynde bak og under dei ytre delar av murverket. Det vedlagde kostnadsoverslaget – som er utarbeidd etter beste skjøn – må derfor lesast med dei påkravde atterhald.

Frekhaug 27.02.23

Med venleg helsing  
Haakon Aase

### *Referansar:*

Rapport frå Haakon Aase Tørrmuring datert 04.02.2010

Rapport frå Haakon Aase Tørrmuring datert 11.10.2019



Figur 2 Innringa med raudt er eit område i overflata av brua med eit tydeleg søkk, ein klar indikasjon på skade under.



# DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy kyrkjeleg fellestråd

Dato	22.08.23
Saksnummer	25/23
Arkivnummer	414

## ORIENTERINGSSAKER

- Rekneskapsrapport:  
**Vi ser n rare p  rekneskapet n r vi i neste m te f r tertialrapport.**
- Ny prest i Gjerstad, Haug og Bruvik: Astrid Marie Haugland har takka ja til tilbodet om sokneprest p  Oster y. Ho er ansatt fr  1.oktober og det er innsetjingsgudsteneste i Gjerstad kyrkje s ndag 15.oktober. I utlysningsteksten vart det imidlertid gjort oppmerksom p  soknesamansl inga som kjem ved  rsskiftet, og at dette kan f re til justeringar i ansvarsomr da for prestane.
- Hekken p  Hosanger kyrkjegard vart i slutten av juni klypt ned til 1 meter. Den har begynt   ta seg litt opp med lauv:  
  
**Fellestradet og sokneradet i Hosanger er sv ert n gd med at hekken er klypt ned.**
- Valorientering: Vi treng at valstyret, dei som ikkje st r p  lista til sokneradsvalet, hjelper til med oppteljing av stemmesedlane m ndag kveld den 11.september fr  kl 19.30 og til vi er ferdige med oppteljingane. Fr  staben stiller Toril, Helga og Linda:  
**Helga Lone skal sjekke om ho kan delta i oppteljinga og kjem med tilbakemelding. Vi treng et par stykker til.**

★ MIN HURTIGMENY

> Regnskap

> MENU GROUPS

☰ OPPGAVELISTE

- Bilag til godkjenning 1
  - Fakturering - Kladd 2
  - Mine meldinger 12
  - Poster til forfall 1
  - Returnerte eller ikke leverte dokumenter 1
- Vis færre

🕒 SISTE MENYPUNKTER

- 🔍 Faktisk mot budsjett
- 🔍 Faktisk mot budsjett detaljer
- 🔗 Pivotert spørring faktisk og budsjett
- 🏠 Pivotert kontobalanse
- 📄 Oversikt salgsordre

Ansvar 🔍 Prosjekt  
**XGL** 🔍  
 Ansvar  Prosjekt  XGL  Desimaler

Finn

Avansert

Regnskapsskjema - Driftsregnskapet (Vedlegg 2A)	Faktisk	%	Budsjett	Avvik	Δ%	Hittil i år	%	HIÅ bud.	Avvik	Δ%	År
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter (600-659)	654 600		471 042	183 558	39	654 600		471 042	183 558	39	
Refusjoner/overføringer (700-789)	539 896		14 292	525 604	3 678	539 896		14 292	525 604	3 678	
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale (790)	116 667		116 667			116 667		116 667			
Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke (805)	107 493		361 667	-254 173	-70	107 493		361 667	-254 173	-70	
Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune (830-839)	3 150 000		3 150 000			3 150 000		3 150 000			
Tilskudd fra soknets organer (840-859)	91 664		2 917	88 748	3 043	91 664		2 917	88 748	3 043	
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler (860-879)	46 319			46 319		46 319			46 319		
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>4 706 640</b>		<b>4 116 583</b>	<b>590 056</b>	<b>14</b>	<b>4 706 640</b>		<b>4 116 583</b>	<b>590 056</b>	<b>14</b>	
Lønn- og sosiale utgifter (010-099)	2 077 053		2 540 708	463 656	18	2 077 053		2 540 708	463 656	18	
Kjøp av varer og tjenester (100-299)	1 670 950		1 560 708	-110 242	-7	1 670 950		1 560 708	-110 242	-7	
Refusjoner/overføringer (300-389:429)	365 959			-365 959		365 959			-365 959		
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale (390)	116 667		116 667			116 667		116 667			
Tilskudd og gaver (400-479:ekskl.429)	26 149			-26 149		26 149			-26 149		
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>4 256 777</b>		<b>4 218 083</b>	<b>-38 694</b>	<b>-1</b>	<b>4 256 777</b>		<b>4 218 083</b>	<b>-38 694</b>	<b>-1</b>	
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>449 862</b>		<b>-101 500</b>	<b>551 362</b>	<b>543</b>	<b>449 862</b>		<b>-101 500</b>	<b>551 362</b>	<b>543</b>	
Renteinntekter og utbytte (900-909)	5 350		2 333	3 017	129	5 350		2 333	3 017	129	
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>5 350</b>		<b>2 333</b>	<b>3 017</b>	<b>129</b>	<b>5 350</b>		<b>2 333</b>	<b>3 017</b>	<b>129</b>	
Motpost avskrivninger (990)											
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>455 212</b>		<b>-99 167</b>	<b>554 379</b>	<b>559</b>	<b>455 212</b>		<b>-99 167</b>	<b>554 379</b>	<b>559</b>	
Bruk av udisponert fra tidligere år (mindreforbruk) (930)	259 568			259 568		259 568			259 568		
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>259 568</b>		<b>259 568</b>	<b>259 568</b>		<b>259 568</b>		<b>259 568</b>	<b>259 568</b>		
Avsatt til ubundne fond (540-549)	259 568			-259 568		259 568			-259 568		
<b>Sum avsetninger</b>	<b>259 568</b>		<b>-259 568</b>	<b>259 568</b>		<b>259 568</b>		<b>-259 568</b>	<b>259 568</b>		
<b>REGNSKAPSMESSIG MER-/MINDREFORBRUK</b>	<b>455 212</b>		<b>-99 167</b>	<b>554 379</b>	<b>559</b>	<b>455 212</b>		<b>-99 167</b>	<b>554 379</b>	<b>559</b>	